Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Ringar. 43.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av: Didrik Mjölhus.

(adresse): Sandve.

Fylke: Rogaland.

Herad: Skudenes.

Bygdelag: Sandve sk.krins.

Gard: Mjölhus, Sandve o. fl.

G.nr. 34 Br.nr. 2. Mjölhus. og Magnus Sandve. o.fl.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

43 A. SVAR

1) Lite kjent nå, men har höyrt om det fra gamalt, og eit par fiskarar her, Magnus Sandve og Mikal Fjell, (adr. Sandve begge to) Om de ville skriva til den siste saa har han kanskje interesse av spörsmaalet. (?)
Han fortel i alle fall at fiskarar fraa landsdeler lenger nord, naar dei har vore her paa fiske, har hatt ringar om handledane for ikkje aa faa smaasvullar og "kveser". Han har sjölv prövt det paa fiske i Alaska og vestkysten av Amerika, seier han. Paa den handa der det var ring, vart det ingen svullar eller blemmer.

2) Har höyrt at det var koparblanding i dei ringane dei hadde rundt handleden. ? Nei, helst messing, seier ein fiskar her. det hjelper mot kaunar og kveser.

3) ?? "Gamle raader." Det var liksom tradisjon- her.
Men kanskje eg ved tid og höve kan finna litt meir om dette. (Spörjeskjema har eg, eg skal gjera mitt beste.

4) Nei.

B.

5) Kan förebels berre seia det som er sagt her under 1. - ringar om handleden. Fiskarar her brukar tildels messingringar om handleden. "Probat middel mot blemmer." (sit.)

B) Ja, har höyrt om det. Fiskarane paa Vest-Karmöy brukar av og til armband (lekkje om h.leden) Men fiskarane fraa Island og Feröyane brukar det mannjamt.

6) ??

7) - Vanleg form av lekkje: 

8)

C. 9) a) Ja.

b) Eg har nok höyrt at folk har bore ein krampe paa brystet etter eit band om halsen. Og den maa vel daa truleg ha vore magnetisk ?
Eg fekk din gong opplyst at han saag slik ut: 

D. 10) ?
Skikkana vart avlagde, för vaar tid. Mykje av det gamle rekna dei for ovtru. Det var kome gode doktarar.
Ein av grannane mine som hadde mykje gikt, bruka elektrisk ~~bekk~~ belte som var tilordna av doktar; han vart ikkje god.

E. Øyreringar.

14) Det vart slutt med at menn bruka öyreringar för mi tid, eller daa eg var liten ; ein av grannane bruka öyreringar, og det var kanskje fordi han höyrde saa ringt. (ovtru?)

12975

16) Ja, kvinner bruka ringar i begge öyro, mot augnesjukdomar.

17X) Ja, for augo, synet. – mot „raude augnekrammar."

F. Nei, det er nok gaatt i grav med ättene för oss.
Finn eg noko seinare, skal eg koma med det.

Vend!

Didrik Mjölhus.

Utfyllinga her er dårleg og lite fyldeg!
Eg tek gjerne på meg å fylla ut eit nytt, dersom eg får oppmoding om det, endå eg f. t. iktje veit noko meir.

Men eg har også ein gamall mann i sikte lenger nord (i Sk.nes) han vil eg spørja i alle tilfelle!

Skal prøve å svara på spm. i nokre andre emne!

6/2 – 57.

D. Mj.

12975

12975

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING